



Ingolf Viken AS
Postboks 108
6961 DALE I SUNNFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1541 - 16/18139

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
27.06.2016

Ferdigattest rehabilitering av skorstein gbnr 247/1 Dyrkolbotn

Administrativt vedtak. Saknr: 317/16

Tiltakshavar: Sjur Kr. Dyrkolbotn

Ansvarleg søkjar: Ingolf Viken AS

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.06.16.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.06.16.

Skildring

| | |
|-----------------|--------------------------------------------------------------|
| Adresse: | Dyrkolbotn 273 A, 5994 VIKANES |
| Bygningstiltak: | Rehabilitering av skorstein med Vento stive stålrør Ø 150 mm |
| Bygningsnummer: | 176314567 |
| Tal på røykløp: | 1 |

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for rehabilitering av skorstein på gbnr.247/1.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen



er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1541

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sjur Kr Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 274 A 5994

VIKANES

Mottakarar:

Ingolf Viken AS

Postboks 108 6961

DALE I SUNNFJORD